

NotatDato: 10.01.2019
Arkivsak: 2018/490-5
Saksbehandlar: heilars

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmann

Rapportering for bruk av kompetansemidlar i landbruket 2018

Fylkeskommunane fekk frå og med 2010 eit utvida ansvar for gjennomføring av landbrukspolitikken på regionalt nivå. Hordaland fylkeskommune blir invitert til å komme med innspel til jordbruksforhandlingane. I 2018 fekk Hordaland fylkeskommune overført 840000kr frå Landbruks- og mat departementet (LMD). Midlane er øyremerka rekruttering til landbruksnæringa, kompetansehevande tiltak for næringsutøvarar i landbruket og styrke rekruttering til naturbruk i den vidaregåande skolen. Hordaland fylkeskommune skal sende skriftleg rapport til LMD om fordeling av midlane innan 1.februar 2018. Punkta i rapporten er presentert under.

Arbeid, organisering og samhandling

Tildeling av midlane overført til Hordaland fylkeskommune skjer etter søknadsfrist to gonger i året. Søknadene handsamast av ein komité samansett av representantar frå Hordaland fylkeskommune ved både regional- og opplæringsavdelinga, Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde og Småbrukarlag, Innovasjon Noreg og Fylkesmannen i Hordaland si landbruksavdeling. Dei leverar ei tilråding til Hordaland fylkeskommune, ved fylkesdirektør for regional utvikling, på korleis midlane skal fordelast. Samansetninga i komiteen sikrar samordning med andre regionale satsingar og midlar.

Innspel til jordbruksforhandlingane

Hordaland fylkeskommune skal levere innspel til jordbruksforhandlingane 2019. Innspela er til politisk handsaming utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) og i Fylkesutvalet. Fylkeskommunen har samla relevante aktørar, Fylkesmannen si landbruksavdeling, Innovasjon Norge, Hordaland bonde og småbrukarlag og Hordaland bondelag og koordinert innspela som har kome i drøftingane før politisk handsaming.

Rapportering 2018 på tilskotsmidlar til rekruttering, likestilling og kompetansemidlar i landbruket

Forklaring på innhaldet i tabellen under. 'Tildelt 2018' er ramma tildelt frå LMD i tilskotsbrev for 2017. 'Innvilga 2018' er søknadar innvilga av fylkeskommunen i 2018 totalt beløp (kr). Grunna rydding i tilsegn og tilbakekalling har det vore rom for å gje tilsegn utover overføring frå LMD. 'Overført frå 2017' er midlar overført frå 2017 som ikkje er disponert. 'Ansvar pr 31/12-2018' er innvilga søknader tidligare år og 2018 som ikkje ennå er utbetalt pr 31.12.2018.

Tildelt 2018	Innvilga 2018	Overført frå 2017	Ansvar per 31/12-2018
840000	1104000	577808*	2391000

Tildelte midlar for 2018

I 2018 var søkt om stønad til 25 prosjekt. Av desse var det 20 prosjekt som fekk stønad. Tabellen under syner tittel på prosjekta, namn på søker, kor mykje dei fikk i stønad og kor mange deltakarar som får nytte av tiltaka/prosjekta. Vår erfaring er at dei fleste prosjekt som får tildeling frå midla til rekruttering og kompetanse i landbruket blir gjennomført som planlagt og bidreg positivt til heving av kompetanse og lønnsemd i landbruket. Sjølv om midlane er forholdsvis små er dei ettertrakta og gjer gode resultat. Etter ei grundig opprydding og tilbaketrekking av tilsegn som ikkje var sluttrapportert innan fristen (etter mange rundar med purring) har Hordaland fylkeskommune hatt moglegheit til å supplere potten.

Omtrent ein tredjedel av dei tildelte midlane gjekk gartnarutdanning for vaksne. Resten av finansieringa kom frå vaksen opplæringsmidlar og andre fylkeskommunale finansieringsordningar. Gartnarutdanning for vaksne er prosjekt som har lykkast og dei som tek utdanninga bidreg positivt til næringa. Hordaland fylkeskommune har sendt søknad om midlar til vidareføring av drift av vaksenagronomkurs ved Stend vidaregåande skule og vaksengartnarkurs ved Voss vidaregåande skule gjennom ordning for «Nasjonale modell for vaksenagronomen».

Prosjekta har fått stønad av 2018 potten er av ulik karakter. Fleire av prosjekta legg til rette for livslang læring for Hordaland bonden og er retta mot etablerte bønder. Nokre av prosjekta har element av digitalisering i seg og testar ut digitale løysingar som skal gjere kurs lettare tilgjengelege og rimelegare. Film som medium for å nå ut til fleire, blir testa ut av fleire prosjekt som har fått stønad.

Tabell over innvilga midlar og tal på deltakarar på dei ulike tiltak/prosjekta prosjekt:

Søker	Tiltak/prosjekt	Søkt beløp	Tildelt beløp	Tal på deltakarar	Evt merknad
4H Hordaland	Superhelg - organisasjonsopplæring i 4H Hordaland	50000	50000	100-150	
4H Hordaland, 4H SogF, 4H Rogaland, 4H MogR	4H-gard i vekst 3. prosjektår	100000	100000	8	Prosjektet skal få 8 nye 4H-gardar på vestlandet. Talet på dei som er innom prosjektet (bønder, barn og unge) er høgare.
Austrheim Kommune	Søknad om tilskot til Kurs/temakvelder- Drenering	30000	15000	30	
Fagforum Hordaland Inn På TUNET	Rekruttering av og kompetanseheving for IPT tilbydere i Hordaland.	270000	20000	40	
Lindås kommune	Søknad om tilskot til Kurs/temakvelder- Drenering	30000	15000	30	
Meland kommune	Vått og vilt klima – praktiske tiltak for landbruket i Meland	70000	50000		Prosjektet lagar filmar som potensielt kan nå ut til mange.
Meland kommune	Kurs i kusignal	20000	14000	10	
Nordhordland Utviklingsselskap IKS	Søknad om midlar til kurs og kompetansehevinge tiltak i prosjektet "Smaken av Nordhordland"	50000	30000	20	

Nordhordland Utviklingselskap IKS	Produkt og opplevingar - frå ok til WOW! Kurs om interpretasjon, opplevingsøkonomi og nyskaping	78000	50000	15	
Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	Utvikling av nettbaserte kurs 2018	95000	65000		Prosjektet lagar nettbaserte kurs som potensielt kan nå ut til mange.
Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	Kurs i grovfôrøkonomi	45000	35000	10	
Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	Presisjonslandbruk og mekanisering for endra klima	60000	60000		Forprosjekt som skal gje kunnskap om korleis ein skal satse på presisjonslandbruk og mekanisering.
Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	Forprosjekt med oppstartsår for "Vestlandsmodell" andelslandbruk	130000	100000	6	Prosjektet skal òg utarbeide ein modell som kan overførast til andre.
Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	Overskotsmassar - frå problem til produktiv, fulldyrka matjord.	80000	60000	30	
Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	Kurs i dyrking av bær i substrat.	20000	20000	10	
Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	Kunnskapsbasert beitebruk	89000	89000	100	10 opne arrangement
Norsk Landbruksrådgiving Vest SA	Praktisk kurs i beskjæring av kjernefrukt	15000	15000	20	
Radøy Kommune	Ammeku kurs	35000	12000	20	
Tysnes bonde og småbrukarlag	Kompetanseprosjekt for bønder på Tysnes som ynskjer å sette i gong med nye næringar på garden	200000	20000		Opne arrangement i regi av Tysnes bonde – og småbrukarlag
Voss gymnas	Vidareføring av gartnarutdanning for vaksne	284000	284000	32	